


Festskrift  
for

# OS ROTARYKLUBB

Charterdato 14. mars 1977



## Tankar ved eit jubiléum

Os Rotaryklubb fekk sitt charter 14. mars 1977 og kan såleis feira sin 20-årsfest i år. Klubben vil gjerne markera dette med eit lite festskrift og ein jubiléumsfest på Solstrand Fjord Hotel som har vore møtestaden vår i alle desse 20 åra.

Det er naturleg i dag å sjå litt attende på kva klubben vår har vore oppteken med i desse åra , og det er ein av grunnane til at vi lagår dette festskriftet.

Som president i klubben i Rotary-året 1996/97 vil eg få takka medlemene våre for innsatsen deira på ulike område i desse åra. Vi har prøvd å gjera noko på dei felta som Rotary International har peika ut . Vi har lagt vekt på kameratskap og vennskap mellom medlemmene , vi har hatt nokre aksjonar i lokalsamfunnet og etter evne støtta opp om gode tiltak for den oppveksande slekt. Vi har sendt skule-elevar og studentar til andre land , og vi har teke i mot ungdomar frå utlandet . Vi har vore med på den store Polio Plus aksjonen som Rotary tok initiativet til og driv saman med Verdens helseorganisasjon.

Vidare har vi hatt eit godt og hyggjeleg samarbeid med vår vennskapsklubb Herning Søndre i Danmark.Samarbeidet med fadderklubben vår , Bergen Syd , og dei andre klubbane i Bergen har vore oss til gagn og glede.

Ved eit slikt jubiléum skal vi ikkje berre sjå tilbake. Vi må sjå framover og planleggja korleis vi skal styrkja innsatsen i klubben vår. Vi treng nye, unge medlemer. Vi treng nye idéar , og ikkje minst treng vi å byggja ut vennskap og kameratskap mellom medlemmene.

Lukke til med 20-årsdagen !

Med Rotaryhelsing

*Steinar Bøe*

President 1996 / 97



## ROTARY INTERNATIONAL DISTRICT 2250

TORE ROGNE  
District governor  
1996/97  
Krokhaug  
N-5220 Hagavik  
Norway  
Tel. +47 56 30 80 88

Februar 1997


Til Os Rotary Klubb ved 20 års jubileet:

Det er med stor glede Rotary International hilser Os Rotary Klubb våren 1997. Det er 20 år siden flokken på 22 menn startet klubben. De fleste er fortsatt med i den, de fleste har tatt sin tørn for at den skal gi vitalitet og trivsel. Slik er Rotary, vi yter alle vårt og får mer. Derfor går hjulet rundt, derfor er det nå 1.2 millioner rotarianere i 155 land. Siden Osklubben startet er det kommet 12 nye klubber til i Distrikt 2250. Det blir ennå flere i år.

Det er en egen tilfredshet å overbringe hilsen til en klubb som jeg ved selvsyn har sett arbeider for internasjonal forståelse, og støtter gode krefter i Os. Vennskapsbånd er knyttet bl a til Danmark, England, Australia, New Zealand og Brasil. Lysøen er et av de steder som nyter godt av de positive kreftene når klubben arbeider på lag. Dette gleder oss i Rotary, fordi Rotary er glede.

Jeg ønsker Os Rotary Klubb til lykke med jubileet, og fortsatt framgang!

De beste hilsener fra  
ROTARY INTERNATIONAL

  
Tore Rogne

## Litt frå soga til Os Rotaryklubb gjennom 20 år.

Hausten 1976 kom to av medlemene i Bergen Syd Rotaryklubb til Os for å sjå om det kunne vera råd å skipa ein rotaryklubb her. Desse to, Peik Schanche og Asbjørn Sæbøe, hadde frå før gode kontaktar i bygda, og det lukkast for dei å samla vel 20 menn i ulik alder og frå ymse yrke til informasjon om Rotary og drøftingar om det var interesse for ein klubb her.

14.mars 1977 vart så klubben vår offisielt skipa under leiing av distriktsguvernøren vår, Kolbein Sydnes frå Stord Rotaryklubb. På charterfesten vår på Solstrand Fjord Hotel møtte det utsendingar frå dei fleste kubbane i Bergen, og klubben vår såg dagens lys med 22 medlemer. Charterpresidenten vår var Einar Pedersen som seinare dessverre har flytta frå Os, og som no er medlem av Torgallmenning Rotaryklubb.

Det første året la vi stor vekt på å setja oss inn i regelverket for Rotary. Vi prøvde å finna ut kva vi kunne gjera for å styrkja vennskap og fellesskap i klubben, kva vi hadde for oppgåver i lokalsamfunnet, kva vi kunne gjera for å skapa betre samarbeidsformer i yrkeslivet, og kva vi kunne vera med på internasjonalt. Vi såg det som ei av oppgåvene våre å finna ut kva Rotary International stod for, og kva oppgåver vi kunne greia å ta på oss.

Heilt frå starten var Solstrand Fjord Hotel møtestaden vår, og Erik Schau-Larsen var ein av våre ivrigaste medlemer, og det var eit stort tap for oss at han døydde så tidleg. Vi kjenner oss likevel framleis like velkomne på Solstrand, noko som vi takkar Børrea Schau-Larsen og staben hennar for.

## Nokre av prosjekta våre,

Vi såg at skulle vi kunne gjera ein innsats , måtte vi først skapa eit økonomisk grunnlag . Difor sette samfunnskomiteen i gang med å få utarbeidt eit **tur- og trimkart for Os**. Gjennom annonsar på baksida av kartet og gjennom sal av det fekk vi dei første åra inn pengar som vi kunne støtta ungdomsarbeidet i Os med . Vi gav tilskot til musikk-korps, idrettslag, speidrarar o.l.

Vi forstod no at ein god måte å få inn pengar på var gjennom annonsar, og neste prosjekt vart **Yrkes- og adresselista for Os**. Vi hadde eit stort arbeid med å plukka ut av telefonkatalogen alle personar som budde i Os kommune . Dessutan samla vi inn annonsar hos næringsdrivande i Os og Bergen . Dette heftet vart svært godt motteke , og vi fekk god hjelp frå næringslivet. Vi kunne no ta på oss fleire oppgåver, og hausten 1981 fekk vi for første gong ein utvekslingsstudent til klubben , Jodi Hudson frå Canada .

Eit anna inntektsgivande prosjekt var **Kommuneboka for Os**. Denne boka gjev vi ut kvart fjerde år i samarbeid med Os kommune. Her er det oversikter over kommunestyre, formannskap og andre utval . Dessutan innehold boka mange opplysningar om kva tenester Os kommune kan tilby folket her. På annakvar side har vi annonsar , noko som gjev klubben råd til å driva ungdomsutveksling og anna hjelpearbeid .

Både Yrkes- og adresselista og Kommuneboka for Os var av hjarteborna til Henning Sundøy som dessverre gjekk så altfor tidleg bort .

Samfunnkomiteen fekk sett i gang fleire dognader. Dette hjelpte til med å sveisa oss betre saman . Vi møttest i skogen og saga opp famneved med tanke på folk som fraus i kalde vintrar , men dessverre var det vanskeleg å få omsett veden.

Betre resultat vart det nok av det neste store prosjektet vårt som var hellelegging av uteplassen ved Os sjukeheim . Vi ante vel knapt omfanget av dette arbeidet , da vi tok i ferd med det . Det var ikkje så

reint få timer vi gjekk der og sveitta om kveldane , men det er ikkje tvil om at nettopp dette gjorde oss til enda betre venner enn før.

Den siste store dognaden vår var paneling av eit naustloft på Moberg . Dette naustet tilhører ein av medlemene våre , og vi får no nyttia dette naustet til siste møtet vårt kvar månad , og kveldane på **Naustlemen** med sjølvlaga mat er noko vi alltid gleder oss til .

Vi har mange dugande kokkar i klubben vår , noko som ikkje minst kjem av kursa i **finere matlaging** som vi har halde på Os vidaregåande skule , og der svært mange av medlemene lærte seg meir om supper , sausar . og ulike rettar av fisk og kjøt.

## Lysøen

I mange år har vi vore med på ein dognad på Lysøen . Ein ettermiddag i førstninga av mai møtest vi der for å reinska opp vegar og stiar før turist- og musikk sesongen tek til. Det er reint utruleg kor lange desse vegane er , og dei slyngjer seg på kryss og tvers over denne vakre , skogkledde øya , og etter ein slik dognad kjenner nok dei fleste seg både friskare og sprekare.

Fleire gonger har vi halde konserter i Ole Bulls glitrande festsal . Vi har da fått hjelp av elevar frå Os musikkskule og musikarar frå Bergen og Os . Blant arrangementa våre der, er det eitt som skil seg ut : **Konserten med violinisten Arve Tellefsen og med Carl Gram Gjesdal som konferansier** , og der overskotet på bortimot Kr. 200.000,- gjekk til sveltande born i det krigsherja Somalia . Her må vi skyta inn at Arve Tellefsen sende halvparten av det avtalte honoraret tilbake , da han fekk vita kva overskotet skulle gå til.

Initiativtakar til og hovudansvarleg for dette arrangementet , Svein- Erik Johnsen gjorde her ein kjempeinnsats for klubben sin og for hjelpearbeidet i Afrika.

## Våre venner i Herning Søndre.

I over 15 år har vi hatt en vennskapsklubb i Danmark , Herning Søndre Rotaryklubb , og gjennom desse åra har vi hatt mange hyggelege turar til Herning og fått mange gode venner der .Like koseleg har det vore å få gjester frå Danmark . Når vi har fått nettopp Herning Søndre som vår vennskapsklubb , kjem det av at ein av medlemene der , landinspektør Eivind Løhren hadde eit oppdrag under planlegginga av vegen frå Lønningdal til Rolfsvåg . Han var da med på nokre møte i klubben vår , og det var han som først kom med idéen om at vi burde få vår danske vennskapsklubb .

Eitt av formåla med Rotary er nettopp vennskap over landegrensene.

## Ungdomsutveksling

I mange år har ungdomsutvekslinga stått sentralt i Os Rotaryklubb. Vi trur at eit år i eit framandt land vil ha mykje å seia for utviklinga og mogninga hos den som får reisa ut , og vi meiner at vårt lokale skulemiljø kan få nye impulsar frå elevar som kjem hit frå utlandet . Dei fleste av utvekslingsstudentane våre har kome frå Australia , men vi har dessutan hatt studentar frå U S A, Canada og New Zealand . Vi som har hatt glede av å ha ein utvekslingsstudent i huset nokre månader , har mange gode minne om denne ekstra dottera . Framleis skriv Jodi nokre ord på norsk når ho sender julebrev til "foreldra sine" , og Jackie og Anna har kome attende på vitjing seinare . Både Sheridan,Melissa og Katie seier i julehelsingane sine at dei lengtar etter å koma attende til Os ein tur.

No har vi nettopp fått vår sjuande utvekslingsstudent , Susan . Ho kjem frå Australia og skal vera elev ved Os gymnas eitt år.

Klubben vår har i desse åra sendt ut 6 utvekslingselever til Australia og USA , og dei har alle kome heim att med gode minne frå dei skulane dei har gått på og dei familiane dei har budd hos.

Våre ambassadørar ute har vore: Anne Stub , Astrid Rogne ,Karianne Ekeberg , Astrid Vik Strønen , Therese Halhjem og Per Terje Bøe ( som no er i Australia).

Klubben har fleire gonger teke i mot GSE- grupper frå andre land . Ei GSE- gruppe er unge yrkesutøvarar som får vera med på ein 5 vekers tur til eit anna land , der eit Rotarydistrikt er vertskap og legg opp eit prøgram for gruppa . Vår klubb har hatt slike gjester frå New Zealand, India , Brasil og Japan. To gonger har klubben fått med deltakarar i GSE- grupper.Jonny Pedersen og Terje Sperrevik har begge vore med i slike grupper til USA og er komne heim med mange inntrykk.

Ein ungdom frå vårt distrikt , Jens Zeuthen Meyer fekk i 1987 stipend frå **Rotary Foundation** til eitt års studium ved eit amerikansk universitet.Der studerte han informasjon og media.

## Polio Plus.

Rotary International vart skipa i Chicago i 1905 og var i utgangspunktet nærest for ein vennekubb å rekna . I dag er Rotary ein verdsomfattande organisasjon med medlemer i bortimot 200 land. Rotary har i seinare år satsa mykje på internasjonalt hjelpearbeid , og det største prosjektet vårt til no er utan tvil Polio Plus.

Polio Plus er tenkt avslutta i år 2005 og skal markera 100 årsjubileet for Rotary. Det er ein innsamlingsaksjon som skal skaffa midlar til å vaksinera mot den store folkesjukdomen polio som framleis herjar i store delar av verda . Aksjonen vart starta midt i 80-åra , og gjennom klubbar og Rotarydistrikt har ein greidd å samla inn fleire hundre millionar dollars til formålet.

Desse pengane vert no nytta av Rotary International saman med WHO (Verdens helseorganisasjon) til å vaksinera born og unge i dei landa der denne sjukdomen framleis råkar fleire millionar menneske kvart einaste år , og så langt ser det ut til at det vil kunna lukkast å utrydda polio

innan år 2005 .Os Rotaryklubb gjorde her ein innsats gjennom fleire år gjennom loddosal, auksjonar , loppemarknad o.l.

### **Service above self - teneste for andre.**

Mange reknar framleis Rotaryklubbane for å vera selskapsklubar, der rike medlemer møtest til fest og hygge . Vi som har vore med i Os Rotaryklubb gjennom 20 år , veit at denne myten ikkje er rett . Rotary skal styrkja vennskapen mellom medlemene , men dette er berre eitt av formåla.

Vidare skal det leggjast stor vekt på samfunnsteneste . Kva kan vi yta i lokalmiljøet ? Kan vi gjera noko for eldre , for funksjonshemma eller for andre grupper som treng vår hjelp ?

Dessutan skal vi freista å ha ein høg yrkesetikk og å gjera oss kjende med andre yrke . Dette har vi freista å gjera gjennom foredrag og gjennom ekskursjonar til ulike verksemder i nærområdet vårt . Vi har hatt ekskursjonar til verksemder i Os som Iris-fabrikken , Lyssandfabrikken , H.J.Askvik og sønner og Ulstein (tidl.Hydravinsj ), og vi har teke på langtur til Aker Stord og til Kværner på Askøy . Sist , men ikkje minst er Rotary ein organisasjon som legg stor vekt på å skapa forståing og godvilje ut over landegrensene , og det er hovudgrunnen til at vi satsar så sterkt på ungdomsutveksling . Vi trur at unge menneske som får oppleva andre land med ein annan kultur og eit anna språk , kan hjelpa til med å skapa ei betre verd .

### **ROTARY - i går , i dag og i morgen .**

Da klubben vår vart skipa i 1977 , var Rotary ein organisasjon berre for menn. Ja , mange stader var klubbane helst ein møtestad for eldre menn. I dag er ikkje Rotary lenger ein rein mansorganisasjon . På møte i Lovrådet i Singapore i 1989 vart det vedteke at organisasjonen skulle opnast for kvinner . Framleis skulle det vera yrket som var grunnlaget

for klassifikasjonen .

Rotary hadde alt svært tidleg hatt som mål at ein klubb skulle ha ein representant for kvart yrke som fanst i området.Rotaryklubbane valde i frå starten av helst folk i leiande stillingar som medlemer . Regelen var og er framleis at ingen kan meldia seg inn i ein Rotaryklubb . Det er klubbmedlemene som kjem med framlegg til nye medlemer .

I dag er det komne nye klubbar som har like mange kvinner som menn blant medlemene , og i vårt distrikt er det no tre slike klubbar . Dessutan har mange av dei gamle klubbane i distriktet opna dørene for kvinner , noko som mange meiner er i tråd med samfunnsutviklinga . Etter kvart som kvinnene overtek meir og meir leiande stillingar i næringslivet og i offentleg verksemd , vert òg Rotaryklubbane interesserte i å verva dei som medlemer .

Då Os Rotaryklubb vart skipa i 1977, var den eldste av medlemene 55 år. I dag har vi svært få medlemer som er under 50 år . Vi slit med å få yngre medlemer i klubben .

Korleis vil klubben vår vera om 10 år ?

Vil klubben då stort sett vera ein klubb for mannlege pensjonistar ? Eller vil det vera ein klubb med både yngre og eldre kvinner og menn ?

Eg seier med Henrik Ibsen : "Jeg spørger kun . Mit Kald er ei at svare ."

*Henning Henriksen*

## Presidentar i Os Rotaryklubb 1977 - 1997.

1977-78 : Einar Pedersen

1978-79 : Tore Rogne

1979-80 : Einar Øxnevad

1980-81 : Gunnar Heiberg Andersen

1981-82 : Henning Henriksen

1982-83 : Tormund Øvreeide

1983-84 : Jørg Utne Sørensen

1984-85 : Gunnar Dale

1985-86 : Erik Schau-Larsen

1986-87 : Harald Mo

1987-88 : Alf Bang

1988-89 : Odd Berge

1989-90 : Vigar Aabrek

1990-91 : Hans Bakervik

1991-92 : Milan Rait

1992-93 : Henning Sundøy

1993-94 : Anders Hassel Stub

1994-95 : Per Fimreite

1995-96 : Per Harald Haugen

1996-97 : Steinar Bøe

Sekretærane i denne tida har skifta , men Alf Bang har vore kasserar i nesten heile perioden.

## Litt om medlemene

Ser vi på medlemslista i dag , merkar vi at 9 av dei 22 chartermedlemene framleis er med i klubben.

Begge dei to som tok initiativet til å oppretta Os Rotaryklubb ,Asbjørn Sæbøe og Peik Schanche , er gått bort .

Vi minnest i dag med vemod og takksemd dei 5 chartermedlemene våre som no er borte . Dei gjorde alle ein stor innsats i klubbarbeidet.

Desse 5 er :

Helge Eide

Otto Askvik

Erik Schau-Larsen

Tormund Øvreeide

Henning Sundøy

## Paul Harris Fellows

Rotary Foundation har ein medalje som er oppkalla etter grunnleggaaren av organisasjonen ,Paul Harris .

Dei einskilde klubbane kan dela ut denne medaljen til rotarianarar eller andre i samfunnet som klubben meiner har synt ein innsats som fortener påskjøning . Klubben betaler da inn til Rotary Foundation ein sum som tilsvrarar 1000 US dollars .

Os Rotaryklubb har gjeve Paul Harris medaljen til følgjande :

Peik Schanche

Asbjørn Sæbøe

Erik Schau-Larsen

Arvid Ofstad ( Kirkens Nødhjelp )

Henning Henriksen

Alf Bang

Klubben vil no på 20-årsdagen dela ut ein ny Paul Harris medalje .

## MINNE FRÅ MITT ÅR SOM PRESIDENT

I stutte innlegg fortel nokre av presidentane om noko dei minnest frå sitt år som president.

### Minne frå jubiléumsåret 1986/87

I Rotary skal som kjent dei ymse gjeremål i klubben rotera - gå på omgang. Det høyrdet i arbeidet mitt med mange kveldsmøte som ofte var på same tid som Rotarmøta. Eg hadde difor vegra meg mot presidentoppgåva i klubben. Då eg likevel fekk tilbodet i jubiléumsåret 1986/87, valde eg å takka ja. Ein av grunnane var at eg kjende meg sterkt medansvarleg for skipinga av klubben vår. Det hadde seg slik at eg i 1968/69 var med og fekk i gong Strand Rotary Klubb i Rogaland. Midt i 1970-åra fekk eg ny stilling her i Os. Rogalandsklubben følgde då "boka" og melde overgang for meg til Bergen Syd som var nærmeste Rotary klubb. Asbjørn Sæbøe var einaste osingen der. Han kontakta meg. Etter drøftingar og nært samarbeid med Peik Schanche i same klubben vart vi samde om å gjera opptak til å starta ein ny Rotary klubben i Os. Det var difor særleg hyggeleg å få leia den unge, men mykje aktive klubben i jubiléumsåret. Nøyaktig 10 år etter charterdatoen 14. mars 1977 heldt vi ein ekstra fin jubiléumsfest på Solstrand. Der hadde vi også med gjester frå ei rekke andre klubbar i distriket. Vår eigen Henning (Sundøy) hadde trykt flotte innbydingskort og songhefte med vår andre Henning (Henriksen) som forfattar av ei rekke songar. Erik (Schau-Larsen) sytte saman med Børrea for eit stilig festbord med framifrå servering. Tore (Rogne) var den "fødde" toastmaster. Påtroppande distriktsguvernør Henning H representerte guvernør Olav Harald Jensen. Så her var vi sjølvhjelpe på alle plan. Henning fekk det ærefulle oppdraget å utnemna Asbjørn (Sæbøe) til Paul Harris Fellow. Samstundes hadde vi glede av å ta opp Leo (Corneliussen) som ny medlem i klubben. Alt i alt eit minnerikt jubiléum.

*Harald Mo*

## Rotaryåret 1987/88

Det jeg husker fra mitt år som president er at det var et meget spennende, interessant, utfordrende og arbeidskrevende år, og det gav meg nye erfaringer og mange gode minner.

Verdenspresidenten dette Rotaryåret var Charles C. Keller med mottoet: " United in service - dedicated to peace".

Distrikts guvernør var vår egen Henning Henriksen, og det var en fordel for meg å ha så god kontakt med ham og kunne få gode råd og svar på vanskelige spørsmål.

I mitt år ville vi spesielt styrke kameratskapen og fremmøteporsenten og øke medlemmenes forståelse for Rotarys idealer og formål. Dette søkte vi å nå gjennom program og "presidentens hjørne".

Det ble et år med store prosjekt.

**Polioplus:** Dette største prosjektet i Rotaries historie var allerede godt i gang, og før "mitt år" hadde vår klubb samlet inn kr. 12.500,-. Vi nådde godt over målet som var kr. 40.000,-.

**TV-innsamlingen ;Hjerte for livet:** Vi tok på oss å denne aksjonen i 1987 for Nasjonalforeningen for Folkehelsen. God planlegging av Hans Bakervik og godt avviklet ved flott innsats fra medlemmene.

**Kommuneboka for Os.** Rolf Berge gjorde en kjempejobb med annonser. Henning Sundøy trykket bøkene utrolig billig. God inntekt for klubben!

**Yrkes-og adresseliste for Os :** Trykket av Henning Sundøy, og distribuert av Os Roklubb v/ Tore Rogne.

**Danmarksturen.** Et uforglemmelig minne var besøket hos våre venner i Herning Søndre. 13 deltakere.

**En europeisk ungdomsgruppe** var gjest hos klubben i 5 dager sommeren 1987. 12 festlige ungdommer.

**Utvekslingselev fra New Zealand :** Jaqueline Kean- et friskt pust fra det store utland.

Et travelt og opplevelsesrikt år å tenke tilbake på!

*Alf Bang*

## Rotaryåret 1988/89 . ROTARYPLASSEN

Under et hyggelig besøk på Os sjukeheim falt det naturlig å tilby våre tjenester dersom det var noe vi kunne støtte med .Sjukeheimens bestyrer behøvde ikke å tenke seg om. Han trengte hjelp til å lage en hellelagt uteplass .Det syntes vi var et fint prosjekt . Vi gav vårt tilslagn på stedet og glemte vel hele saken til det kom telefon om at materialene var på plass , og arbeidet kunne begynne .

Åstedsbefaringen ble ikke så lite av et sjokk . For den påtenkte uteplass skulle være stor . Det var kriker og kroker , og det skulle være både blomsterbed og avløp for vann . Materialet var tykke betongheller i to farger . Det skulle være mønster må vite !

Men et løfte er et løfte , og klubben tok utfordringen uten å stusse.

Fagkyndige medlemmer tok styringen og møtte opp med vinkelsliper, rettholter og nivelleringsutstyr . Vi andre bar heller og kjørte sand så armene ble lange og ryggen verket .

Det ble mange kvelder på Haugsneset . Fine kvelder som styrket kameratskapet i klubben og ga en god følelse av å gi et nyttig bidrag. Mitt forslag om å døpe stedet for Rotaryplassen og å sette opp navneskilt fikk dessverre ikke flertall i klubben . Men hellene ligger der antageligvis ennå . Og nye medlemmer burde ta en tur dit og beundre verket .

*Odd Berge*

## Rotaryåret 1989-90

50 år etter - 9. april 1990 var medlemmer fra Os Rotaryklubb tilstede i Ulven leir da presidenten , i egenskap av regimentsjef , talte ved avdukingen av minneplaten over Hordaland Infanteriregiment nr.9s innsats under felttoget i april 1940 . Ordføreren i Os Ole Håkon Lunde, også medlem av Os Rotaryklubb , foretok avdukingen.

50 år tidligere - 9. april 1940 - lå Bataljon I av IR9 , med major Stenersen som sjef, på nøytralitetsvakt på Ulven . Da han om kvelden 8. april fikk

melding om torpederingen av "Rio de Janeiro" disponerte han ut fra trusselen om en fiendtlig landgang i området Halhjem-Os . 2.kompani ble gruppert med en tropp ved Søvik , en tropp ved Hagavik og en tropp på Osøyri . Alarmen på Ulven gikk kl 0200 om morgenens 9. april, og kl 0300 avmarsjerte 1. og 3. kompani til Kronstad . Kp 2 sluttet seg senere ad forskjellige veier til resten av bataljonen .

Klokken halv fem om morgenens var bataljonen på plass ved Kronstad . 3 . kompani gikk i stilling syd for Nygårdsbroen , og 1. kompani ble avgitt til Bergen Festning for å nedkjempe en tysk landsetning ved Kringsjå . Her forsvinner 1. kompani ut av krigshistorien . Resten av bataljonen ble trukket ut fra området Kronstad mot Midttun og drev siden oppholdende strid langs Bergensbanen mot Voss inntil den norske motstanden brøt sammen i slutten av april 1940

Ulven ble besatt av en tysk avdeling 9. april kl 1300 . Alle norske avdelinger hadde da forlatt området .

Minneplaten har påskriften : *"1940. Minne om de avdelinger, befal og mannskapér av Hordaland Infanteriregiment nr 9 som var med i felttoget mot Nazi-Tyskland i Vosseavsnittet og i Valdres 9.april-2.mai"* Navnene til 9 norske soldater som falt i kampene er skrevet på platen , blant dem Hans Johan Eidsvik og Ole N. Kobbeltvædt fra Os . 9. april 1990 , en dag for ettertanke - men ikke for feiring .

*Vigar Aabrek*

## Rotaryåret 1993-94

Året utmerket seg ikke med spesielle aktiviteter, men bedriftsbesøk hos Kværner på CCB-basen på Sotra og på Hanøytangen var særlig interessante. Det var spennende å se modulen til Nordsjøen , først under produksjon i verkstedet , så plassert i hovedenheten som skulle ut i havet . Det er imponerende dimensjoner for vanlige landkrabber . Et høydepunkt dette året var at vi fant å kunne utnevne vår alltid positive medlem Henning Henriksen til Paul Harris Fellow for hans

innsats for klubben .

Hyggelig var det også å få besøk av vår utvekslingsstudent Jacquie Kean fra New Zealand . Hun var i Os i 1988 og kom nå tilbake etter endt juristutdannelse .

*Anders Hassel Stub*

**Rotaryåret 1995-96**

Kva hugsar vi best frå dette året ? Vi hadde vel ikkje dei store hendingane ,men nokre "høgdepunkt" er verd å minnast.

\*Det vart gjort forsøk med ny møtetid for første gong sidan starten i 1977. Grunngjevinga var å få opp frammøtet. Endringa frå kl.2000 til kl. 1800 var nok litt for drastisk , og gav ikkje det resultatet ein ønskte. Det vart for tidleg for dei fleste. Men vi fekk i alle fall prøvd noko nytt .

\*Kommuneboka for Os vart gjeven ut i nytt opplag , og sikra verdfull inntekt til klubben. Leo drog tyngste lasset , men dei aller fleste var med.

\*Ein velfortent Paul Harris vart tildelt Alf Bang for særskilt god innsats for klubben gjennom mange år .

\*Eit hjelpeprosjekt til Estland vart starta opp med innsamling av data-utstyr. Dette var tiltenkt eit rehabiliteringssenter for utviklingshemma i Tallin . Prosjektet vert ført vidare .

\*Den fine utvekslingsstudenten Katie Chynoweth reiste attende til Australia etter eitt år i Os .

\*Distriktet vårt , 2250 , hadde rundt 17 . mai venskapsbesøk frå distrikt 1240 i England. Henning organiserte det heile , og resultatet vart svært vellukka. Os Rotary Klubb sine medlemmer hjelpte til på ein slik måte at det vart like mykje besøk til klubben som til distriktet . Vertskapa er inviterte til gjenvisitt i mai 1997.

\*Klubben var i mai / juni vertskap for eit GSE-team frå Japan.Dette vart godt gjennomført, og Nao,Tomomi,Hiroshi og Kazuo trivdes godt her. Klubbdrifta gjekk rimeleg bra,sjølv om dverre to medlemmer slutta. Eitt nytt medlem kom til, så vi enda på 37. Frammøtet vart ca 50% i snitt.

*Per Harald Haugen.*

*Vi støttar Os Rotaryklubb og ønskjer til lukke  
med 20-årsjubiléet 14. mars 1997.*



## OS REISEBYRÅ A/S

POSTBOKS 274 - 5201 OS - TLF.: 56 30 11 90  
TELEFAX: 56 30 27 01



**VAR-teknikk • Samferdsel • Miljøteknikk**



Bjørnegården  
5200 Os  
Tlf. 56 30 06 90

Rådgjevande ingeniørar

# Henning Henriksen

*hobbydiktar - tlf. 56 30 00 67*

Diktsamlingar: *Det smiler ei stjerne (1992)*  
*Framleis skin sol over båten min (1995)*